

Jærbladet

PARTIPOLITISK UAVHENGIG AVIS. GRUNNLAGT 1949 AV JON FATNES.
ANSV. REDAKTØR: KJELL OLAV STANGELAND
ADM. DIREKTØR: IVAR RUSDAL

Tid for Ranglerock

Sommar er tida for musikkfestivalar, og det vrimir av ulike tilbod. I år gjekk startskotet for årets Ranglerock på Bryne. Det er niande gong kameratgjengen frå Time kan invitera til ein alternativ musikkfestival.

Frå ein spinkel start på Hognestad med halvanna band og 50 tilhøyrarar, er Ranglerock i år utvida til tre dagar, og truleg med fulle hus i Bryne Mølle alle tre kveldane.

Under namnet Hoggstock marknadsførte festivalen seg dei første åra under mottoet «Rock mot gladmat», eit slags signal om å vera eit alternativ mot kommersielle festivalar av ulike slag. Nå var mottoet meir ein gimmick for å for merksemrd enn at arrangørane var mot festivalar av typen Gladmat, men vennegjengen bak festivalen har greidd å bevare Ranglerock som ein dugnadsfestival utan tanke på økonomisk gevinst.

Vennegjengen bak festivalen har greidd å bevare Ranglerock som ein festival som er til for musikken, og ikkje for å henta ut økonomisk gevinst.

på større lokale og større publikum, men arrangørane har til nå følgt målsetninga om å gjera alt sjølv både når det gjeld booking og sjølv arrangementet. Ranglerock er trufast til konseptet om ein liten festival der det ikkje er plass til stort meir enn 300-400 tilhøyrarar kvar kveld. Ved å halda seg innandørs er festivalen dessutan ikkje prisgitt ustabilt jærsk sommarver.

Det er ikkje få musikkfestivalar som i rusen av suksess har gapt for høgt med dundrande økonomisk bakrus som resultat. Sjølv om Ranglerock stadig blir større, er det ikkje noko som tyder på at festivalen forskrev seg.

Ranglerock gjekk med eit fint overskot i fjor, ikkje minst takka vera 40.000 kroner i støtte frå Norsk Kulturråd. Denne støtta er i tillegg ei fin anerkjenning av det arbeidet Omund Norheim & co. legg ned for å få i stand dette flotte, årlege musikktildobet på Jæren.

Skatten min

Innbyggjarane i Hå og Klepp skal framleis få hjelpe i eige rådhus i skattespørsmål. Det er klart etter at Skatteaten også neste år vil betala kommunane for slik hjelpe. Tidlegare i år sa etaten opp avtalen med dei to kommunane, men har nå snudd.

Sjølv om Hå får noko mindre i årleg betaling, er den nye avtalen stort sett lik den gamle. Det einaste nye er at Skatteaten krev dokumentasjon over kor mange som nyttar seg av tilboden. Det er eit rimeleg krav, og når Klepp i løpet av første halvår har registrert 260 spørsmål om saker som går inn under avtalen, kan det ikkje vera særleg tvil om behovet for denne tenesten.

Telefon 51 77 99 00. Telefax 51 48 37 40. **Redaksjonens vakttelefon: 40 007 900.** Jærbladet på nettet: www.jbl.no Postadresse: Postboks 23, 4349 Bryne. Besøksadresse: Vardheivegen 60, Bryne. Bekreftet opplag: 13.264.

Jærbladet arbeider etter Vær Varsom-plakatens regler for god presseskikk. Den som mener seg rammet av urettmessig avisomtale, oppfordres til å ta kontakt med redaksjonen. Pressens Faglige Utvalg (PFU) er et klageorgan oppnevnt av Norsk Presseforbund, som behandler klager mot pressen i presse-etiske spørsmål. Adresse: Rådhusg. 17, postboks 46 Sentrum, 0101 Oslo, tlf. 22 40 50 40, fax. 22 40 50 55.



SIREVÅG, HA-KOM.

Nasjonal turistvei slår om seg med "Spor i vår tid." Her er et gratis forslag til en bro over det ytterste sundet i Sirevåg havn. Broen, eller den såkalte "Hengeren", er beregnet å lett kunne svinges til sides ved skipsanløp. En Stavanger-arkitekt undertegete har vært i kontakt med, uttaler:

"Denne enkle upåkledde hengeren vil gli naturlig inn i det nakne landskapet i Sirevåg."

Men planene som bare er på løst skisseplan, vil nok før eventuell realisering, måtte forventes å ha foran seg en lang og smertefull prosess i forvaltningsapparatet.

I DAG

Livet i ein pøs

DET VAR EIN av dei dagane då slike ting skjer som ein elles bare ser på film eller les om. Det starta med reingjering av eit skap der det hadde leke ut ei væske som absolutt ikkje burde leke ut.

Det er kjende scenar frå gamle morofilmar når dusten, anten det er Chaplin, Buster Keaton eller Costello som vaskar eller malar, av vanvare trør ned i pøsen anten han er fylt med vatn eller maling. Nå veit eg korleis det kjennest ut. Heldigvis var ingen til stades då eg steig ned i pøsen, slik at det ikkje vil koma ut. Men vått og dumt var det.

HENDINGA BURDE ha gitt eit varsel om at dette ikkje var min dag. Dessverre vart freista til å prøva fiske på eit blankt hav for stor. Etter ei tids dorging, vart det omsider napp. – Slik ein fisk har eg aldri fått før, slo eg fast til det båtførande avkommet då fisken kom over båtripa.

Då fisken vart teken av kroken, vart eg fort og smertefullt

klar over kva slags fisk eg hadde med å gjera. Ein kniv stakk inn i eine fingeren, og blodet pipla fram samtidig som smerten nådde hjernen. Om eg ikkje akkurat trudde min siste time var komen, demra tillært kunnskap om at fjesingstikk slett ikkje er ufarleg. Eg meinte å ha lese at det var omtrent som om å verta biten av ein hoggorm. Og sidan eg nesten vart farlaus eitt år før eg vart fødd på grunn av hoggormbit, gav eg ordre om å setja kursen mot land.

FØRSTESIDEOPPSLAG i lauussalvisene om sommaren farlege dyr som flott, hoggorm og fjesing har eg fryst av som fordummande skremsepropaganda. Nå fekk eg merka at det kan vera grunn til å ta åtvaringane alvorleg. Legevakt vart kontakta, og gode råd kom i retur: Handa i glovarmt vatn i 45 minuttar. Var smertene ikkje vorte mindre i løpet av den tida, måtte lege kontaktast igjen. Men livstruande

skulle det ikkje vera, bare vondt. Det siste var heilt rett. Nå har eg truleg ikkje verdas høgaste smerteterskel, men dette var forfardele. I ein halvtime var det heller ikkje antydning til at smerten skulle verta mindre.

FRÅ UFRIVILLIG å ha sett foten ned i ein pøs, var det nå handa sin tur å verta putta ned i same stad. Etter vel ein time spurte avkommet korleis smerten var på ein skala frå ein til ti. Då var det kome ned i ein seksar i forhold til det verste, og var bare vanleg jæv.. vondt, ikkje stort verre enn å klemma fingeren i ei bildør.

Medan eg skiftevis sat og stod med med armen i pøsen, trålte familien internett for å få kunniskap om fjesing. Dei skal ha takk for at dei ikkje nemnde at det i verste fall kan enda med amputert arm eller dødsfall, slik det står i wikipedia og Store norske.

Kos